

HØYRINGSSVAR

Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Det vises til Kirkerådets høringsnotat *Veivalg for fremtidig kirkeordning*. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettsiden: www.kirken.no/kirkeordning

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Hørings svar bes sendt elektronisk til post.kirkeradet@kirken.no.

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon: BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Adresse: RÅDHUSET, LEIRDALEN 1, 5430 BREMNES

Kontaktperson: ARNE SALMELID

Til Kyrkjerådet

Veivalg for fremtidig kyrkjeordning

Høyrings svar frå Bømlo kyrkjelege felleråd

Høyrings spørsmål og -svar

DETTE HØYRINGSSVARET VART SAMRØYSTES VEDTEKE MED EIT UNNATAK; EIN REPRESENTANT MEINER AT DEI FRAMTDIG ADMINISTRATIVE RÅDA BØR VERA KYRKJERÅD, BISPEDØMERÅD OG SOKNERÅD/FELLESRÅD OG AT ANDRE SPØRSMÅL MÅ BESVARAST UT FRÅ DENNE STRUKTUREN.

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar: JA

Fellesrådet trur at kommunereformen, med samanslåing av kommunar, vil vera avgjerande for korleis Kyrkja vert organisert. Dei nye kommunegrensene bør også bli grensene for fellesråda. Grunnjevinga for at grensene til fellesrådet bør følge den nye kommunestrukturen ligg i kyrkjeøkonomien, demokratiprinsippet og nærleiken til det frivillige arbeidet.

Drifta av Kyrkja er tett knytt opp til kommuneøkonomien og til lokalt valde kommunepolitikarar.

Fellesrådet meiner at Kyrkja organisatorisk bør ha tre administrative nivå. Dette bør vera Kyrkjerådet, fellesrådet og soknerådet. Kyrkjemøtet er Kyrkja sitt høgaste organ.

Soknet må framleis vera grunneininga i Kyrkja. Soknet bør få meir mynde og styrkast ved å få meir innflytelse over eigen verksemd og eigne personellressursar. Derfor bør soknet ikkje vera for lite.

Både sokneråd og fellesråd representerer soknet. Arbeidsgjevaransvaret for alle lokalt tilsette bør liggja i soknet, men med større grad av innflytelse i soknerådet. Det bør vera ei arbeidslinje for alle tilsette. Dei som skal arbeida i soknet bør tilsetjast i soknet.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: JA

Det bør framleis vera kommune-stat fiansiert kyrkje. Det er eit viktig kriterium for folkekyrkja at det offentlege oppretthaldar finansieringa. Dersom dette prinsippet ikkje vert vidareført, kan det bli vanskeleg å oppretthalda tanken om at Kyrkja skal vera ei folkekyrkje og dei som bur i distrikts-norge vil få eit mykje dårlegare tilbod.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

Ulike modeller for ei sjølvfinansierande kyrkje fins. Vi meiner dagens ordning er den beste, men dersom dette ikkje går, meiner vi at medlemsavgift er å foretrekke framfor livssynsavgift. Begge delar kan trekkjast over skatten, slik at ulikheita treng ikkje bli så stor. Vi trur at ei medlemsavgift skapar meir engasjement.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar:

Det vil vera mest rasjonelt og tilstrekkeleg med tre nivå i kyrkja. Dette bør i så fall vera kyrkjeråd-fellesråd-sokneråd. Tilsette på bispedømekontoret og i Kyrkjerådet bør tilsetjast av Kyrkjerådet. Alle andre statlege tilsette, saman med tilsette i fellesråd/sokneråd, bør ha felles arbeidsgjevar på regionalt nivå i fellesrådene. Det må opprettast nye robuste fellesråd på regionsnivå, tilsvarande dei nye kommunegrensene.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Sokneråda kan vera så store at dei kan ha eigen dagleg leiar. Storleiken på soknet bør vera 3-4000 medlem. Talet er avhengig av infrastrukturen på staden.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar: JA

Nærleik og lokaltilpasning er viktig for engasjementet og frivillighet. Trusopplæringsreformen er avhengig av frivillige ildsjelar.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

Eit fellesorgan bør ligga på det nivået som framtidig kommunereform avgjer.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar: JA

Soknerådet bør få større mynde og økonomisk handlefrihet. Dei tyngre foraltningsoppgåvene og gravferdsdrifta bør framleis bli ivareteke av fellesrådet.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar: JA

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar:

I hovudsak av eit felles kyrkjekontor.

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Fellesrådet sluttar seg til mindretalet i Kyrkjerådet som meiner at biskopen ikkje bør utøve arbeidsgjevarfunksjonar overfor prestane.

Biskopen er først og fremst hyrde for kyrkelyden og skal vera ein tydeleg visjonsberar og tolka kyrkja si rolle i lys av vår tid og i lys av Guds Ord og Kyrkja si vedkjenning.

Biskopen ordinerer og vigslar tilsette til kyrkjeleg teneste. Biskopen fører tilsyn med alle tilsette under visitasen slik at alle får frimodighet og ny stolthet.

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar:

Biskopen sitt virkemiddel er først og fremst visitasen. Mellom visitasane gir biskopen råd og rettleiing men bør ikkje ha avgjerande betydning for utfallet av personalsaker. Gjennom IA-avtalen forvalter fellesråda i dag virkemidler som mellom anna opnar for flytting innafor og utafor kommunegrensa. Dessutan blir prestane blir allereie i dag tilsette i eit tenestoområdet som ligg midt mellom bispedømet og fellesrådsområde.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Som i dag.

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar:

Bispedømmerådet bør nedleggjast som eit demokratisk vald organ. Biskopen kan ha ein liten stab, f.eks. ein adjutant, ein medierådsgjevar og ein sekretær. Faglege spørsmål frå tilsette lokalt kan ein få råd til å løysa frå Kyrkjerådet eller KA.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar:

Jamfør spørsmål 14.

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar:

Alle som arbeidar på lokalplanet i same geografiske område bør ha same arbeidsgjevar. Felles arbeidsgjevaransvar ivaretek alle tilsette med eit felles mål, felles strategi og ei felles forplikting.

Dei som i dag er tilsette i Bispedømet sin administrasjon og i Kyrkjerådet, bør bli tilsett av Kyrkjerådet.

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar:

Arbeidsgjevaransvaret bør ikkje fordelast, men samlast i eit organ.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar:

I liten grad. Kanskje det er behov for variasjonar mellom by og land.

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslede tjenester?

Svar:

Biskope kan kalla inn til faglege samlingar. Biskopen bør ikkje nødvendigvis ha mindre tilsynsansvar overfor ein ikkje-vigsla som ein vigsla tilsett i fellestrådet.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar:

Strukturen er grei, men Kyrkjemøtet bør ikkje vera eit overordna læreorgan. Det bør tilleggast bispemøtet.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar:

Einskilde stiller spørsmål om forholdet mellom leke og geistlege deltakarar.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar:

Bispemøtet saksførebur ordningsspørsmål og gir råd i teologiske spørsmål for Kyrkjemøtet.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar:

Biskopane bør leias av preses.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar:

Kyrkjerådet er ansvarleg ovanfor Kyrkjemøtet. Kyrkjemøtet må ha representantar frå alle bispedøma.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar:

Bispemøtet bør overta læreansvaret frå Lærenemnda.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Ingen synspunkt.

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Det vert uttrykt at Ungdommens kyrkjemøte har lite for seg. Betre at dei unge deltek i det lokale rådsarbeidet. Kyrkjelyden og soknerådet må fremme ungdomstiltak lokalt ved å skapa engasjement. Kanskje ein kunne fått til eit trusopplæringsprosjekt for dei over 18 år.